

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Øivind Olsnes	FE - 033	15/244

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
005/2016	Formannskapet	PS	19.01.2016
015/2016	Kommunestyret	PS	10.03.2016

## Søknad om fritak frå politisk verv i Modalen kommunestyre 2015-2019

### Forslag til vedtak:

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

Kommunestyret vil han en sak i neste kommunestyremøte der vi ser på sammensetningen av kontrollutvalget.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

I brev datert 29.12.2015 søker Knut Moe om fritak frå sitt verv som medlem i Modalen kommunestyre for perioden 2015-2019.

#### Vurdering

Kommunelova §15 pkt 2:

*«Kommunestyret eller fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»*

Knut Moe er i kommunestyreperioden 2015-2019 velt som medlem i kommunestyret og som leiar av kontrollutvalet i Modalen kommune. Søknaden om fritak gjeld ikkje fritak for vervet som leiar av kontrollutvalet. Om Knut Moe får innvilga sin søknad er samansetninga av kontrollutvalet likevel slik at den oppfyller kravet til at minst eit medlem i utvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Knut Moe har grunngjeve sin søknad om fritak med at han frå 1.1. 2016 er tilsett som ny

administrerende direktør i Oster Pukk og Sand AS og han ser det som vanskeleg å kombinera dette med vervet som kommunestyrerepresentant då stillinga mellom anna inneber stor reiseaktivitet og ein krevjande arbeidssituasjon for han.

Søknad med utfyllande argumentasjon føl som vedlegg.

Knut Moe ville i forkant av valperioden kunne bede seg fritaken frå politiske verv i kommunen grunna tidlegare teneste. Søknaden om fritak no må vurderast utifrå dei tilhøve som ligg til grunn i høve til at han på ny no er valt inn som medlem i kommunestyret.

Frå Overå og Bernt si kommentarutgåve til kommunelova vert det vist til at fritaksgrunn i første rekkje vil vere at søkjaren sitt arbeidstilhøve, dårleg helse eller andre velferdsgrunnar gjer det ekstra byrdefullt å oppfylle dei plikter vervet medfører. Vidare vert det vist til at avgjerdsla naudsynlegvis vil verte temmeleg skjønsmessig.

Om det føreligg lovleg fritaksgrunn, så er det opp til det kompetente organ (kommunestyret) sitt skjønn å avgjer om søknaden skal imøtekomast. Her må det takast omsyn til både søkjaren og kommunen sin situasjon.

Dersom det vert gjeve fritak, rykkjer første varamedlem opp som fast medlem, jf kommunelova § 16 nr.2.

Når det gjeld val av nytt varamedlem, skal ordføraren sørge for at valstyret, føretekk nytt valoppger når ein representantplass er vorte ledig, dersom ordføraren finn dette nødvendig, jf. Valglova § 14-2 andre ledd. Ordførar har føreteke ei vurdering av dette. Konklusjon er at det ikkje er trong til å gjennomføre nytt valoppger då det her gjeld 9. varamannsplass.

### **Konklusjon**

Av omsyn til søkjar og kommunen sine politiske gjeremål vil rådmannen rå til at det vert gjev fritak som omsøkt.

## **Formannskapet - 005/2016**

### **FOR - behandling:**

Samrøystes

### **FOR - vedtak:**

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemmer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

## **Kommunestyret - 015/2016**

### **KS - behandling:**

Ordførar innleia om saka.

Linda Neset (Solrenningslista) ba om gruppemøte.

Etter gruppemøte sette Solrenningslista fram eit framlegg om å føye til eit tilleggspunkt i vedtaket.

### **Røysting:**

Ordførar føreslo at følgjande framlegg vart sett opp mot kvarandre ved røystinga.

#### Formannskapet si tilråding:

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

#### Endringsframlegg med tilleggspunkt frå Solrenningslista:

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

Kommunestyret vil ha ei sak i neste kommunestyremøte der vi ser på sammensetninga av kontrollutvalet.

### **8 røysta for formannskapet si tilråding som vart vedteke**

5 røysta for Solrenningslista sitt framlegg og fall (Tom Kristian Thorsen, Linda Neset, Ann-Jorunn Farestveit, Frank Stian Steinsland og Robert Helland)

### **KS - vedtak:**

Modalen kommunestyre imøtekjem søknaden frå Knut Moe (Samlingslista) om fritak som medlem i kommunestyret for resten av valperioden.

1.varamedlem Anne Britt Almelid rykkjer opp som fast medlem til kommunestyret for Samlingslista. Øvrige varamedlemer til Samlingslista rykkjer ein plass opp på varamedlemslista.

**Vedlegg:**

Søknad om fritak frå Modalen kommunestyre 2015-2019